

OPERASJON


I MATRØRET

KJÆRE PASIENT

Velkommen til Avdeling for gastro- og akuttkirurgi. Dette er informasjon til deg som er operert på grunn av kreft i matrøret.

Matrøret består av glatt muskulatur, er omlag 25 cm langt, og bind svelget saman med magesekken. Matrøret har ei viktig rolle i svelgprosessen. Ved hjelp av bølgjerørsler blir maten ført nedover til magesekken.

Du har fått fjerna matrøret og magesekken er gjort om til eit kunstig matrør. Det vil ta tid før kroppen får vent seg til dette, men målet er at du etterkvart skal ete normalt og oppnå stabil vekt.



Tverrsnitt av matrør og magesekk (foto: dreamstime)

ANBEFALINGAR ETTER OPERASJONEN

STING

Sting eller stiftar blir fjerna 12-14 dagar etter operasjonen. Er du reist heim på dette tidspunktet, må du sjølv avtale tid på legekontoret for å få fjerna desse.

SMERTESTILLANDE

Det er vanleg å få smerter etter operasjonen. Dei fleste har nytte av paracetamol og klarar seg med det etter nokre dagar. Dei som har behov for sterke smertestillande får resept før utreise.

AKTIVITET

Det gjer godt for kroppen at du er i aktivitet etter operasjonen. Du kan vere aktiv i korte økter og kvile ofte. Fysioterapeuten vil gi deg god informasjon om øvingar som passar for deg. Sjå eigen brosjyre frå fysioterapeut.

KONTAKT LEGE

Dersom du får nokre av desse symptomata skal du kontakte lege:

- feber
- du får meir vondt
- det siv væske frå såret
- huda rundt såret blir raud



MAT GIR ENERGI



www.colorbox.com

Du kan drikke og ete vanleg mat. Du kan forvente å gå litt ned i vekt etter operasjonen, så det er viktig å få i seg næringsrik mat. Et små og hyppige måltid.

Når du et er det lurt å sitje oppreist og vente ein time før du legg deg att. Når matrøret er borte må ein ta tyngdekrafta til hjelp for å få maten ned i magesekken.

HYGIENE

Du kan dusje frå tredje dag etter operasjonen. Ta alltid på ny bandasje etter du har dusja. Du må ikkje bade i badekar eller symjebasseng dei første tre vekene etter operasjonen. God hygiene hindrar infeksjon.

OPPFØLGING

Du vil få time til kontroll hos ein av kirurgane som opererte deg omtrent seks veker etter operasjonen. Formålet med denne kontrollen er å sjå til at tida etter operasjonen har gått som forventa. Legen vil gå gjennom svara på eventuelle prøvar tatt under operasjonen og snakke med deg om kva som kan vere eit aktuelt opplegg for deg i tida framover. Vi sender brev til fastlegen din der vi informerer om sjukdommen din og kva som er gjort under operasjonen.

I mellomtida må du vere merksam på komplikasjonar etter operasjonen og følgje anbefalingane ovanfor.

KONTAKTINFORMASJON

Telefon ekspedisjon Kirurgisk klinikkk: 55 97 28 42

Telefontid 09.00-11.00

Når du ringjer ekspedisjonen 55 97 28 42 får du fire valg som fører deg til den poliklinikken du vil ha kontakt med.

Etter kl. 16.00 og i helg ta kontakt med

Avdeling for gaastro- og akuttkirurgi

Sengepost 1: 55 97 34 00

Sengepost 3: 55 97 35 03

Du var innlagd ved sengepost:.....

NOTAT

NOTAT

KONTAKTINFORMASJON

Kirurgisk klinikk, poliklinikk ekspedisjon:

Telefon 55 97 28 42

Avdeling for gastro - og akuttkirurgi

Sengepost 1: Telefon 55973400

Sengepost 3: Telefon 55973503

www.helse-bergen.no

Haukeland universitetssjukehus

Telefon: 05300